

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 19.02.2015
Tidspunkt: 09:00 – 10.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leiar	
Ivar Kvalen	Nestleiar	
Vidar Eltun	Medlem	
Arild Ingar Lægreid	Medlem	
Jørاند Ødegård Lunde	Medlem	
Frida Melvær	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iselin Jonassen	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Vararepresentant for Iselin Jonassen, Ivar Vistekleiven, hadde også meldt forfall.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Mai Bakken (sign.)	Jørاند Ødegård Lunde (sign.)	Arild Ingar Lægreid (sign.)
_____	_____	_____

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 3/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 4/2015	Referatsaker		
RS	Besseggløpet - Rapport 2014		2013/5721
RS	Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde - Vedtak om nye verneforskrifter		2014/523
RS	Delegering av myndighet til å behandle klagesaker etter naturmangfoldloven - Verneområder		2015/620
ST 5/2015	Delegerte vedtak		
ST 6/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Ny bru over Visa i Visdalen - Sulheim		2015/278
ST 7/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - 2016 - Bruk av helikopter - Innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune		2015/708
ST 8/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - utskifting bru Glopåe - DNT Oslo og Omegn		2015/1003
ST 9/2015	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2015 - Heving av Brendeteigbrua og transport av material og utstyr med snøskuter - DNT Oslo og Omegn		2015/967
ST 10/2015	Eventuelt		

ST 3/2015 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Vedtak

Saksprotokoll frå e-poststyremøte 09.01.15 og innkalling til telefonmøte 19.02.15 godkjent.

Jørand Ødegård Lunde og Arild Ingar Legreid vart valde til å skrive under protokollen saman med styreleiar. Signering skjer ved e-postgodkjenning.

ST 4/2015 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Spørsmål til sak om delegering av myndighet i klagesaker:

Klagebehandlingen er nå delegert fra Klima- og Miljødepartementet til Miljødirektoratet.

Vedtak

Referatsakene vert tekne til etterretning.

Besseggløpet - Rapport 2014

2013/5721

Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde - Vedtak om nye verneforskrifter

2014/523

Delegering av myndighet til å behandle klagesaker etter naturmangfoldloven - Verneområder

2015/620

ST 5/2015 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Magnus Snøtun orienterte om saka.

Mai Bakken stilte spørsmål ved om ikkje eit fleirårig løyve burde gått i styret. Styret har ikkje merknader til den aktuelle saka, men vil gå gjennom sak om delegering i eit seinare møte. Dette bør vera eit fysisk møte – ikkje telefonmøte.

Vedtak

Delegert vedtak vert teke til etterretning

1/2015 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Bruk av snøskuter for tilsyn og vedlikehald av stølshus i Guridalen - Johannes Yttri 2015/1116

ST 6/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Ny bru over Visa i Visdalen - Sulheim

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Andre opplysningar:

Søknad om bru er behandla av Lom fjellstyre i møte 16.02.15. Fjellstyret har ikkje innvendingar til tiltaket og tilrår at Statskog gjev løyve til oppføringa av ei ny hengjebru, under føresetnad av at nasjonalparkstyret gjev løyve til tiltaket etter vernereglane for Jotunheimen nasjonalpark.

Men fjellstyret peikar på at eit eventuelt løyve bør knytast til eit føretak, og at det i løyvet må gå fram kven som skal ha tilsyn og vedlikehaldsansvaret for brua.

Statskog har som grunneigar gjeve slik tilslutnad til tiltaket (kopi ved e-post 17.02.15):

«Statskog er innstilt på å gi grunneiers tillatelse til tiltaket slik det er beskrevet i søknaden. Vi forutsetter at vernemyndigheten for nasjonalparken gir tillatelse etter verneforskriften samt at Lom kommune godkjenner byggesaken.

Det settes om vilkår at tiltakshaver har alt ansvar for brua, heri framtidig tilsyn og vedlikehold, samt ansvar for fjerning av brua om den ev. skulle bli ødelagt eller nedlagt.»

Dag Sulheim har ved e-post til Statskog stadfesta at han tek ansvar for tilsyn og vedlikehald.

Vedtak

Dag Sulheim får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 d) løyve til oppføring av hengebru over Visa. Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrift, i tillegg krevst godkjenning frå kommunen og grunneigar.

Med heimel § 6.3. k) vert det gjeve løyve til nødvendig bruk av snøscooter for transport av materialar/utstyr til brua. Transporten skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no, seinast dagen før.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Tilrettelegginga vil vera eit fint tilbod om varierte turopplevingar, og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg innverknad på landskapet enn eksisterande opplegg av mellombels karakter.

Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den provisoriske brua/gangbanen skal fraktast ut i samband med etablering av ny bru.

Styret viser til merknader frå Lom fjellstyre og frå Statskog, og tilrår at Dag Sulheim vurderer om framtidig vedlikehald og tilsyn bør knytast til eit føretak, t.d. Spiterstulen Turisthytte.

ST 7/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015-2016 - Bruk av helikopter - Innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Vedtak

Oppland fylkeskommune v/Kulturarveininga får med heimel i verneforskrifta § 3, punkt 4.1 dispensasjon for uthenting av arkeologiske funn og paleozoologisk materiale i området rundt Nørdre Trollsteinhøe for å auke kunnskapen om kulturminna og bevare funna for ettertida.

For effektiv gjennomføring av det brearkeologiske sikringsprogrammet blir det med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, gjeve løyve til bruk av helikopter for inntil 2 turar årleg på seinsommar/haust i 2015-2016.

Dato for helikoptertransport skal seinast dagen før varslast til SNO v/ Rigmor Solem på mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.

Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilbakemelding i form av ein kortfatta rapport som viser kva funn som er gjort, dato for helikopterbruk og ein oversikt som listar opp antal og type funn som blir frakta ut av verneområdet.

ST 8/2015 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - utskifting bru Glopåe - DNT Oslo og Omegn

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Vedtak

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 6.3. k) løyve til nødvendig bruk av snøscooter for transport i samband med utskifting av øydelagt bru over Glopåe, nord for Russvatnet. Løyvet gjeld for to turar i mars/april 2015. Transporten skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no, seinast dagen før.

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrift. Transportøren har leigekjørløyve i kommunen, slik at forholdet til motorferdsellova er avklara.

Tiltaket gjeld utskifting av øydelagt konstruksjon, og vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008), og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar legg til rette for at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den øydelagde brua skal fraktast ut i samband med etablering av ny bru.

ST 9/2015 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2015 - Heving av Brendeteigbrua og transport av material og utstyr med snøskuter - DNT Oslo og Omegn

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c løyve til heving av brubana og tilkomstrampane til Brendeteigbrua. Samstundes vert det gjeve løyve til helikoptertransport av material og utstyr inn og ut etter § 3 pkt. 6.3 g. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 4 helikopterturar med material og utstyr inn til brua frå Hjelle og 3 helikopterturar ut med material og utstyr frå brua til Hjelle.
- Løyve til transport gjeld fram til 31. mars 2015.
- Transport skal ikkje skje søndagar eller heilagdagdar. Det er viktig at transporten er så rask og effektiv som råd.
- Seinast dagen før oppstart av transporten skal SNO v/ Rigmor Solem varslast (mob. 959 65 158) slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.

Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.mai 2015.

Brendeteigbrua vart øydelagt av flaum i haust og er heilt naudsynt for den t-merka stien opp Brendeteigen. Brua har vore øydelagt fleire gonger og DNT vil derfor heve brubana for å sikre brua betre.

ST 10/2015 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 19.02.2015

Orienteringar:

- Jørund Ødegård Lunde:
Ny kulturarvstrategi vedteken i Oppland fylkeskommune. Kulturminne i verneområde er særskild nemnd, slik at det ligg til rette for samhandling.
- Pilotprosjektet i besøksforvaltning - orientering om framdrift::
 - Det er etablert god dialog med Nasjonale Turistveger, Sognefjellshytta og kulturarveininga i fylkeskommunen. Samarbeidsmøte 7. januar.
 - 4 firma inviterte til å gje tilbod på forprosjektering og detaljplanlegging av tiltak, men eitt firma har trekt seg. Frist for å gje tilbod: 27. februar.
 - Vurdering av tilbod i samråd med Miljødirektoratet 2.-3. mars, med tilråding for styrebehandling. Behov for nytt møte ca. 9. mars (telefonmøte).
- Magnus Snøtun: DNT har varsla om at det er knekt ei bru ved Skogadalsbøen, slik at det kan bli behov for ei hastesak med ei utviding av løyvet i sak 9/2015. Kjem attende til saka etter tilbagemelding frå DNT, med e-postbehandling dersom tiltaket tilseier politisk behandling.
- Sak om reviderte styrevedtekter og stillingsinstruks forvaltarar:
Førebels orientering om innhald. Vert lagt fram som sak for uttale i neste møte. Bør sjå organiseringa med bestillingsdialog m.m. i samheng med rapporten om forenkling i utmarksforvaltninga, kap. 3.2.
- Ny verneforskrift vedteken 14.11.14, kort orientering om viktigaste endringar i innhald v/ Magnus Snøtun. Det er sendt spørsmål om rolla til tilsynsutvala til KLD, da foredraget til nye forskrifter ikkje gjer greie for om utvala vart avvikla direkte gjennom vedtak om nye forskrifter, eller om dei skal fullføre den perioden dei er valde for (2012-2015).